

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 02.10.2014
SAKSHANDSAMAR: Lene Lie
SAKA GJELD: Internrevisjonsrapport om bruk av tvang i psykisk helsevern

ARKIVSAK: 2014/222/
STYRESAK: 117/14

STYREMØTE: 04. og 05.11. 2014

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Oppsummering

Internrevisjonen har gjort ei undersøking av bruk av tvang i psykisk helsevern i Helse Vest. Undersøkinga har omfatta dei fire helseføretaka i helseregionen.

Formålet med internrevisjonen var å undersøkje om Helse Vest har gode prosessar som sikrar at tvangsbruken er i samsvar med regelverk, eksterne og interne retningslinjer.

Hovudkonklusjon: Kvar for seg syner revisjonen at institusjonane og føretaka i Helse Vest har tilfredsstillande prosessar for å sikre at tvangsbruken er i samsvar med regelverk og andre retningslinjer. Det er òg klare indikasjonar på at det er systematiske skilnader i regionen når det gjeld kor sannsynleg det er at pasientane blir tvangsinnlagde, og deretter utsette for ulike tvangstiltak under behandlinga. Dessutan er det svært store manglar i samband med registrering og rapportering av omfanget.

Fakta

Problemstillingane i undersøkinga var:

- Kva typar tvang blir det brukt?
 - I kor stor utstrekning blir det brukt tvang?
 - I kva tilfelle blir det brukt tvang?
- Korleis sikrar føretaka korrekt registrering og rapportering av tvangsbruk?
- Kva slags prosedyrar finst for tvangsbruk?
- Kva type risikovurderingar gjer ein for å førebyggje tvangsbruk?
- Korleis sikrar den enkelte verksemda redusert og riktig bruk av tvang i det psykiske helsetilbodet?

Kommentarar

Rapporten er sendt føretaka med oppmoding om å legge den fram for føretaksstyra med handlingsplanar for å møte tilrådingane i rapporten.

Rapporten blei behandla i revisjonsutvalet 30. september 2014, der følgjande blei notert. (Merk at dette er foreløpig protokoll. Utvalet vil behandle protokollen på sitt neste møte, i desember.)

Sak 29/14 B Internrevisjon av tvang - rapport

Oppsummering:

Rapport frå internrevisjon av tvang innan psykisk helse var framlagt til behandling. Internrevisor Lene Lie presenterte rapporten for utvalet. Utvalet hadde ei brei drøfting av innhaldet og sakskomplekset.

Det er lagt opp til same prosess for framlegging av denne rapport i styra som for rapporten om MTU.

Vedtak (samrøystes):

1. *Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.*
2. *Utvalet anbefalar at RHF-et engasjerer seg aktivt i oppfølging av tilrådingane i rapporten.*

Konklusjon

Internrevisor vil på vanleg måte følgje opp RHF-et og føretaka sine handlingsplanar. Det betyr at internrevisjonen våren 2015 vil be føretaka om skriftlege tilbakemeldingar på gjennomføring av handlingsplanane. Resultatet vil bli lagt fram for revisjonsutvalet og styret.